

Trang innkøyring blir utvida

06.06.2012

Inn- og utkøyringa ved den nye parkeringsplassen til SPAR er for trang, men no vil han bli utvida, vart det opplyst under møtet i kveld i Uskedalen Utvikling. Det vil skje i samband med at det skal settjast opp eit skjermende gjerde mot eigedomen til Reidar Myklebust for å hindra at folk tek snarvegen

Det er UU som har teke opp denne saka. Ei anna sak som vil bli teke opp og løyst snart er montering av støydempende plater i Gamleskulen slik dei har gjort det i Zjakk med vellukka resultat.

Det skal også skje noko i kjellaren og ei skisse er no under utforming.

Leiar Kristian Olav Bringdal berømma dei som har ansvaret for årets blomeprakt på vegne av UU, framfor alt Sella Hjørnevåg.

Elin Enes var imponert over rask og smertefri handsaming i kommunen av gardsmat-prosjektet hennes.

Av Ola Matti Mathisen